



Alver kommune  
Vatn og avløp avdelinga  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18613 - 20/77525

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
04.12.2020

## Oversender søknad til uttalelse - gbnr 347/9 Rossland

Tiltak: Dispensasjon - parkeringsplass  
Byggjestad: Gbnr: 347/9  
Tiltakshavar: Alver kommune  
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet i gjeldande kommunedelplan for Meland for bygging av parkeringsplass på område som er sett av til framtidig idrettsformål.

Tiltaket er ikkje nabovarsla i og med at det ligg føre grunneigar avtaler og at saka er handsama etter veglova av Vetland fylkeskommune.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som framtidig idrettsanlegg L\_3.

### VURDERING


#### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå plankravet knytt til 1.2.1 i gjeldande kommuneplan der det kjem fram fylgjande;

*«Areal sett av til framtidig bygg og anlegg, herunder områder [...] framtidig idrettsanlegg [...] skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-2, jf. 20-1 ver tillate, med mindre anna er sagt under det einkilde planføremålet. Detaljreguleringsplan skal vise plassering av bygningar og anlegg,*

planerings- og byggehøgder samt terrenghandsaming, jf. pbl § 11-9 nr1. For unntak frå plankravet, sjå punkt 2.1.1a og 2.1.1b.»


I søknaden om dispensasjon kjem det fram at området kring Eldsfjellet er vurdret som eit svært viktig friluftsområde og eit populært turmål. Det er i området inga etablerte parkeringsplassar i dette området og parkering foregår langs fylkesveg eller på privat eigedom. Det er nå planlagt bygging av dagsturhytte på Eldsfjellet. Søkjar peiker på at dette er eit lågterskeltilbod og eit godt folkehelseiltak som bidrar til å få folk ut på tur der målgruppa er born og unge. Det er avgjerande å kunne etablere ein parkeringsplass med plass til om lag 45 bilar for å løyse dei trafikale utfordringane i området. Søkjar har også vist til at ved ei framtidig regulering og utbygging av området, vil ikkje etablering av ein parkeringsplass vera til hinder. Søknad om dispensasjon datert 02.12.2020 fylgjer i sin heilheit.



Figur 1 Plankart.



Figur 2 Flyfoto.



Figur 3 Situasjonsskart som syner omsøkte tiltak.

### Nedslagsfelt drikkevann

Det er søkt om dispensasjon frå sikringssona til drikkevann. Søknad om dispensasjon datert 02.12.2020 fylgjer i sin heilheit.

### Veglova

Vestland Fylkeskommune har gjeve dispensasjon frå byggegrense mot fv. 5318 i vedtak datert 19.11.2020. Det er også gjeve førehandtilsagn til utvida bruk av avkøyrsløse til fylkesveg 5318 i vedtak av 19.11.2020.

### Naturfare

Tiltaket ligg i nær tilknytting til, men utanfor, område markert som H310. Parkeringsplassar er ikkje omtala i TEK17 7-3, og det er difor ikkje tillagt vekt i vurderinga.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - parkeringsplass - gbnr 347/9 Rosslund - ny

G.nr.347 B.nr.9\_500\_bla

G.nr.347 B.nr.9\_1000\_bla

Svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - parkeringsplass - fv. 5318 - gbnr 34

Førehandtilsagn - Søknad om utvidet bruk - fv. 5318 - gbnr 347122 Rosslund

Prinsippskisse.pdf

### Mottakarar:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN